

# Telemark Tidend

Nr. 551 ● Fredag 14. mars 2025 ● 81. årgang. Utgjeve i eit samarbeid mellom TA og Mållaget Dag.

## Rolf Terje har to m

**MIDT-TELEMARK/  
GRENLAND:** Han er ein av dei store samlarane i Telemark. Rolf Terje Vollen har kring to millionar frimerke heime i huset sitt på Stathelle.

HALVOR ULVENES  
halvor.ulvenes@ta.no

- Eg har drive med frimerke i nesten 70 år. Med denne hobbyen slepp ein å tvinne tommeltottar. Frå oktober til april driv eg med frimerke nesten dagleg, seier bamblingen i ein prat med Telemark Tidend.

Vollen seier at han har få dyre merke, men nokre av samleobjekta har høg verdi.

- Den dyraste samlinga mi betalte eg 20.000 kroner for. Eg har frimerke frå heile verda, seier mannen som seier at alle frimerka er fordelte på fleire rom i huset.

### Fint miljø

Nyleg var han og resten av gjengen på kring 10-12 personar frå Grenland på besøk i Bø frimerkeklubb. Der er dei faste gjester.

- Det er eit veldig triveleg miljø og hyggjeleg folk her i Bø, seier han vidare. På det fyrste møtet i mars utvida han samlinga under auksjonane med frimerke kjøpt for vel 1600 kroner. Rolf Terje var da den som kjøpte mest.

### Held koken

Thor Falkenstein, som fyller 87 år på sundag, er æresmedlem i Skien frimerkeklubb, der han har vore medlem i over 50 år.

- Det er eit fint og koseleg miljø i frimerkeklubben i Bø. Eg har også vore på messa her oppe, seier den spreke pensjonisten.

Det er ikkje berre byfolk som gjestar denne klubben. Seljordingen Johan Gudmundsson, opphavleg frå Island, sit ved bordet saman med Øyvind T. Gulliksen og Håkon Mæland. Karane på møtet i Bø seier det slik:

- Filatelien held oss lenger i live!

### Utruleg bra

Leiar i Bø frimerkeklubb, Ulf Vege, er glad for besøka frå andre stader i Telemark.

- Utruleg bra for oss, seier han. Ifølgje den ferske årsrapporten har Bø frimerkeklubb 15 hovudmedlemmer (A-medlemmer) og 22-B-medlemmer. Gjestene, som er A-medlemmer i andre klubbar, blir B-medlemmer i Bø. Slik er systemet i filatelistmiljøet.

### Lange tradisjonar

I Noreg har frimerket vore i bruk sidan 1. januar 1855, altså i 170 år. Da gav postverket ut eit 4-skillings merke for brev opp til 15 gram. Merket opplyser ikkje om Noreg som utgjevarland, men riksvåpenet er med som motiv. Alt 15 år tidlegare blei dei fyrste frimerka lansert i Storbritannia.

I dag er det 2.132 norske frimerke. I periode 1855-1904 blei det gjeve ut 1,7 frimerke i gjennomsnitt per år. I perioden 1996-2021 var talet 32,6 frimerke, ifølgje ein oversikt frå Posten.

### Kunstverk

Det er fleire sider ved denne hobbyen som fascinerer leiaren i Bø frimerkeklubb som har eksistert i «berre» 32 år.

- Frimerke er estetisk og utrulege kunstverk. Frimerka syner fram landets natur, landskap, dyr, planter og historie. Frimerkesamlingane har eit veldig sosialt miljø. Me har hatt turar saman med Grenland til både Göteborg og Vejle, seier Ulf Vege.

### Fast auksjonarius

På møta i Bø er det faste auksjonar.

- Dei dyraste frimerka er blitt selde for 800-900 kroner. Me ropar ut for 10 prosent av kostprisen, så her kan ein få tak i veldig billige frimerke. Fyrstegongsstempel vil ingen ha lenger. Det er eit trist kapittel, seier Ulf Vege.

Den kjende bøheringen Halvor Kleppen er æresmedlem i Bø frimerkeklubb og fast auksjonarius på møta som blir haldne i lokala til Frivilligsentralen rett ved Bø Senteret.



**ÆRESMEDLEN:** Halvor Kleppen er æresmedlem i Bø frimerkeklubb og fast auksjonarius på møta.



**PÅ BESØK:** Johan Gudmundsson (t. v.) frå Seljord deltek på møta i Bø. Her saman med Øyvind T. Gulliksen (midten) og Håkon Mæland.



**ATTVALT:** Ulf Vege blei attvalt som leiar i Bø frimerkeklubb.




**ENORM SAMLING:** Rolf Terje Vollen frå Stathelle.

# Nedstengd

EILEV ERIKSTEIN

Det fem år sidan landet vart stengt ned grunna korona-pandemien. Sosial kontakt skulle minimierast. Forkjøling kunne vera korona- sjukdom, og ein måtte halde seg mest mogleg heime. Frå Italia kom det rapportar om sjukehus som måtte



stenge fordi tilsette vart smitta

og døydde.

Akkurat på dagen, 12. mars 2020, då Noreg stengde ned, fann eg meg på ein sjukeheim i Trøndelag, for å ta avskil med far på 96 år.

Etter nokre vakenetter saman med søskena mine, ville me ut å trekke frisk luft. Men då vart det sagt at om me gjekk ut, kun-

ne me ikkje kome inn at. Sjukeheimen var stengt.

For oss var det fint. Slik fekk med gode timer på pappa dødsleie. Men om eg minnst rett var det kanskje folka på ulike stengde institusjonar som vart ramma hardest av pandemien.

Far døydde 13. mars, så vårt innestengde liv, varte ikkje len-

ge. Folka på sjukeheimen var flinke og nære, profesjonelle og gode, og gav ein kjær far ein godt avskil. Alle ære til dei som i korona-tida stod på for andre. Etter at pappa var død, kom problemet med gravferd. Ein måtte ikkje vera for mange, og seremonien blei utsett i nokre månader.

# millionar frimerke



helle har kring to millionar frimerke i huset sitt heime på Stathelle.

FOTO: HALVOR ULVENES



**ORDEN:** Anders Bøen (t. h.) held orden på auksjonane, her saman med Thor Falkenstein.



**STUDERER:** Arild Mæland studerer ein av katalogane før auksjonen.



**DREG TIL BØ:** Faste gjester på møta i Bø. Framme frå venstre: Terje Sørensen, Thor Falkenstein, Rolf Terje Vollen og Torfinn Naper. Bak frå venstre: Terje Edvardsen, Harald Vågen, Odd Runar Aslaksen, Bjørn Tore Moen, Lasse Akerlund, Tormod Severinsen og kai Arne Paulsen.